

## Vedlegg 5

### Oversikt over fristar for særskilte rapporteringskrav i 2017

I tillegg til dei faste rapporteringstidspunkta som det er vist til i kapittel 7, er det enkelte særskilte rapporteringstidspunkt for noen av krava i styringsdokumentet for 2017.

I årlig melding for 2017 vil det også bli bedd om rapportering på noen tidlegare styringskrav.

Under følgjer ein skjematisk oversikt over begge deler.

Rapportering gjennom etablerte kanalar til eigne faste fristar er ikkje vist i oversikten under (t.d. verksemdsrapportering, halvårsrapport o.l.). Denne typen rapportering er omtalt i kapittel 7.

<b>Frå styringsdokumentet for 2017</b>		
<b>Kap.</b>	<b>Særskilt rapporteringstidspunkt</b>	<b>Krav det skal rapporterast på</b>
3.2	20. april 2017	<i>Angående medisinsk undersøking ved Statens barnehus:</i> Helseføretaka skal innan 20. april levere ein plan for oppbygging av kompetanse og kapasitet. Planen skal beskrive korleis kapasiteten kan styrkast gjennom å bruke sosialpediatarar og anna helsepersonell, medrekna sjukepleiarar. Sjå òg brev frå Helse Vest RHF datert 20.01.17.
4.2.8	1. mai 2017	Rapportere innan 1. mai 2017 på status for innføring og bruk av eksisterande tekniske løysningar for meldingsutveksling og samhandling. Rapporteringa skal omfatte løysningar mellom helseføretak i og utanfor eigen region, dei kommunale helse- og omsorgstenestene og for kjernejournal og e-resept. Rapporteringa skal inkludere ei oversikt over område der det fortsatt er papirbaserte rutinar.
4.3.3	1. mai 2017	Gå gjennom legemiddelbruken slik at gjeldande avtalar kan bli utnytta for å redusere medikamentkostnader. Helseføretaka skal innan 1. mai 2017 rapportere om konkrete tiltak for å oppnå dette. Helse Vest RHF vil kome tilbake til dette i eget brev.
<b>Frå tidlegare styringsdokument</b>		
<b>År</b>	<b>Rapport i årleg melding for 2017</b>	<b>Krav det skal rapporterast på</b>
2016	x	Rapportere årleg om status for barn som pårørande, jf. brev datert 14. januar 2016. <ul style="list-style-type: none"><li>• Tal på barneansvarlege, og har barneansvarleg gjennomført opplæringsprogram?</li><li>• Tal på koordinatorar, størrelse på stilling, og om koordinator har gjennomført opplæringsprogram?</li><li>• Tal på pasientar med mindreårige barn som pårørande (F5 bildet i Dips)</li><li>• Tal på kartleggingsskjema som er oppretta</li></ul>
2014	x	Sluttrapportering for prosjekt om transport av psykisk ustabile personar, med ein oppsummering for alle tre år. Rapporteringa skal innehalde omfang av politioppdrag, brukartilfredsheit og utvikling for omfanget av akuttinnleggingar. Rapportering og oppsummering skal bli gjort i samarbeid mellom helseføretaka og aktuelle politidistrikt.